

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer

FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 26.02.2016

SAKSHANDSAMAR: Bård Humberset

SAKA GJELD: **Årsrapport for revisjonsutval og internrevisjon 2015**

ARKIVSAK: 2016/2528

STYRESAK: **052/16**

STYREMØTE: **05.04. 2016**

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tar årsrapporten for revisjonsutvalet og internrevisjonen 2015 til orientering.

Oppsummering

Det heiter i instruks for revisjonsutvalet at «Revisjonsutvalet skal for styret i Helse Vest RHF leggje fram årleg rapport om sitt arbeid og internrevisjonens arbeid, til orientering».

Rapporten følgjer vedlagt og er som tidligare år samla i eit felles dokument.

Revisjonsutvalet behandla årsrapporten på møte 25.02.2016. Følgjande er protokollert frå møtet (teksten er ikkje formelt godkjend av utvalet):

«Oppsummering:

Utvalet gjekk gjennom utkastet til årsrapport. Den femner både internrevisjonen sin og utvalet sin aktivitet i 2015. Det er krav i instruks om at styret skal orienterast om årsrapporten og den blir derfor sendt fram til styret. Internrevisor blei bedt om å innarbeide dei endringar som framkom i møtet.

Vedtak (samrøystes):

Revisjonsutvalet vedtek årsrapport for revisjonsutvalet og internrevisjonen 2015 og ber om at den blir lagt fram for styret til orientering.»

Vedlegg:

Årsrapport 2015 for revisjonsutvalet og internrevisjonen